



Innst. 83 S

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget frå justiskomiteen

Dokument 8:78 S (2015–2016)

Innstilling frå justiskomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø og Ola Elvestuen om innsynsrett i kongehuset

Til Stortinget

Samandrag

Stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø og Ola Elvestuen fremja 6. april 2016 følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa legge fram forslag om at dokument knytt til utøving av kongehuset sine offisielle oppgåver vert underlagt reglane i offentleglova.»

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jorodd Asphjell, Kari Henriksen, leiaren Hadia Tajik og Lise Wiik, frå Høgre, Margunn Ebbesen, Hårek Elvenes, Peter Christian Frølich og Anders B. Werp, frå Framstegspartiet, Jan Arild Ellingsen og Ulf Leirstein, frå Kristeleg Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, og frå Senterpartiet, Jenny Klinge, delar forslagstillarane sitt syn på at openheit er eit av dei berande prinsippa i demokratiet.

Komiteen vil vise til forslaget som vert fremja i representantforslaget:

«Stortinget ber regjeringa legge fram forslag om at dokument knytt til utøving av kongehuset sine offisielle oppgåver vert underlagt reglane i offentleglova.»

Komiteen vil vise til og stille seg bak statsrådens svarbrev til komiteen i saka (14. oktober 2016), og deler oppfatninga av at unnataka i offentleglova ikkje kan skape noko tvil om rettskildegrunnlaget for at kongehuset ikkje vert omfatta av offentleglova. Komiteen vil streke under det statsråden skriv i sitt svarbrevet, at dokument frå eller til kongehuset eller Det kongelege hoff vil vere omfatta av innsynsretten dersom dokumenta er hjå eit organ som er omfatta av lova, og dei er å rekne som saks-dokument hjå dette organet. Her gjeld det same prinsippet som for dokument frå eller til alle andre. Den same vurderinga vil gjelde for dokument der kongehuset eller Det kongelige hoff er omtalt.

Kongehuset si disponering av post på statsbudsjettet til hoffet

Komiteen vil vise til at når det gjeld kongehuset si disponering av midlar som vert tildelte hoffet på statsbudsjettet, er denne saka overlevert til kontroll- og konstitusjonskomiteen, og at saka vert handsama der og ikkje i justiskomiteen.

Beriktiget

Tilråding frå komiteen

Komiteen har elles ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Dokument 8:78 S (2015–2016) – Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sveinung Rotevatn, Iselin Nybø og Ola Elvestuen om innsynsrett i kongehuset – vert lagt ved møteboka.

Oslo, i justiskomiteen, den 15. november 2016

Hadia Tajik

leder

Lise Wiik

ordfører